

Frå: Sandane utviklingslag, org. nr. 929 654 315
sandaneutvikling@gmail.com

Til: Flataker Landskap
Gåseidmarka 52
6015 Ålesund

Sandane, 12.07.2023

Innspel til varsel om oppstart av detaljregulering for Sandane fjordterrasse og Fjordlandsbyen, planID 2023002

Sandane utviklingslag ynskjer å vere talerøyr for innbyggjarane på Sandane, og jobbar med saker som er viktige for Sandane si kulturelle, sosiale og næringsmessige utvikling. Vi heiar på aktørar som vil utvikle sentrumsområdet og gjere Sandane til ein endå betre stad å bu i og besøke, og vi ynskjer å vere ein støttespelar for aktørane i planprosessen.

Dersom det blir lagt til rette for god medverknad trur vi at sentrum kan utviklast på ein god måte både for næringslivet og for innbyggjarane sine allmenne interesser. Vi ynskjer at flest mogleg skal ha høve til å medverke i planprosessen. Sidan fristen for å kome med innspel er sett til 17. juli, som er midt i fellesferien, kan det for mange vere vanskeleg å nå fristen. **Vi ber derfor om at forslagsstillar utvidar innspelsfristen med minimum 3 veker, som svarer til lengda på fellesferien.**

Sandane utviklingslag har elles nokre forventningar og innspel til planarbeidet for Sandane fjordterrasse og "Fjordlandsbyen", som vi håpar at forslagsstillar og Gloppen kommune vil ta omsyn til i det vidare planarbeidet:

1. Vi forventar at tomta blir utvikla som eit sentrumsområde – at den blir planlagt med omtanke for omgjevnadane og dei som skal ferdast og opphalde seg i området i kvardagen, og at det blir lagt særleg vekt på løysingar som gjer området meir attraktivt for gåande. Her kan forslagsstillar ha god nytte i prinsippa i "Håndbok for aldersvennlig stedsutvikling".
2. Vi forventar vidare at detaljreguleringa følgjer opp krav i områderegulering for Sandane sentrum. Det er mellom anna eit krav i områdeplanen at bygga skal ha aktive fasadar i første etasje. Etter den allmenne tolkinga av omgrepet "aktive fasadar", vil det seie at det skal vere aktivitet i første etasje og at ein skal ha innsyn til denne aktiviteten frå gata utanfor. Lokale til t.d. tenesteyting, servering eller fellesområde for bebuarar vil kunne oppfylle dette kravet, det vil ikkje overbygd parkering.

3. Vi forventar at det blir stilt høge krav til kvalitet på bygningar og gaterom, inkl. gatedekke og vegetasjon, og at det blir stilt rekkefølgekrav mellom anna for opparbeiding av fortau/gangareal, uteopphaldsareal, leikeareal og beplanting/vegetasjon.
4. Tomta ligg tett inntil gjestehamna og parkområdet ved fjorden, og har samstundes eit godt etablert samband til Øvregata (Nordstrandsvegen). Vi meiner det vil vere eit godt grep å setje av større areal til opphald på bakkeplan i området sør og vest for nybygget "Fjordlandsbyen". Dette vil kunne fungere som ein del av uteopphaldsarealet til bebuarar i bygget og samstundes opplevast som eit offentleg byrom og skape meir liv i området. Dersom det blir opna for tilkomst med bil eller parkering rundt heile bygget vil området kunne opplevast som utrygt og mindre attraktivt, også for bebuarar.
5. Det eksisterande sambandet til Øvregata kan utnyttast til dømes ved å etablere eit tydeleg gangsamband frå nybygget til Øvregata, gjennom parkeringsområdet. Dette vil, saman med eit større opphaldsareal, kunne auke attraktiviteten til nybygget.

Vi vil elles ynskje forslagsstillar lukke til med vidare planlegging av tomta, og ser fram til å få planen på høyring.

Med helsing
Styret i Sandane utviklingslag

Kopi til:

Gloppen kommune - postmottak@gloppen.kommune.no